

Kjære alle saman

I dag skal me markera ein stor og viktig dag, ikkje berre for Brakanes skule men for heile bygda.

I dag skal me legge ned grunnsteinen på ein fleirbrukshall som vil verta ein sentral del i aktiviteten på dagtid og på kveldstid.

Det har vore eit ynskje lenge både politisk men og frå skulen og idrettslaget for å få eit bygg som er stort nok til å husa det store mangfaldet av aktivitetar som Ulvik har å by på. Det skjer mykje i skuletida men og på kveldstid, den gamle gymsalen er ikkje stor nok til å husa all den aktiviteten.

Bygget har vore teikna i ulike størrelsar og hatt ulike plasseringar rundt omkring i bygda dei siste åra før det vart endeleg bestemt at det skal plasserast her på skuleplassen.

Og no ENDELEG står me her saman og skal markera og feire saman at bygginga er i gang!!!!

Eg håper og trur at dette vert eit bygg som gjer det mogleg at elevane og lærarane her på skulen kan få ein betre og meir aktiv skuledag og at dei som driv med aktivitetar på kveldstid kan få ein ny og flott møteplass for folk i alle aldra.

Eg trur eg kan sei for oss alle at me gleda oss til bygget er ferdig til skulestart neste år.

Gratulera med dagen alle saman.

Eg syns me skal avslutta med eit skikkelig jubelrop, der me alle ropar hurra 3 gonger så høgt me berre kan. E de klare? 1, 2, 3 HURRAXXXX

Hans Petter Thorbjørnsen

Ordførar 29/9-2015